

Spørsmål til spørjetimen 3.mars 2016

System for varsling og oppfølging av hjelpetrengende

Det skjer at det oppstår situasjonar med menneske som ikkje har familie eller andre rundt seg som kan ta grep. Ved t.d utskriving frå sjukehus reknar eg med det er system som varslar heimkommunen om behov for oppfølging av heimeteneste etc.

Spørsmålet mitt er om det finns tilsvarende system ved psykisk sjukdom. Vert kommune og relevante tenesteområde varsla ved utskriving frå t.d Sandviken?

Dersom ja, kven i kommunen føl opp? Dersom nei, er det mogeleg å få på plass eit system som sikrar at dei som treng oppfølging på t.d medisiner og for øvrig generell helsetilstand får dette?

Mvh Lena Bø Nilsen

Svar

Dersom ein pasient har behov for oppfølging av psykisk helse i kommunen, tek sjukehusa direkte kontakt med psykisk helse før utskriving. Dei melder ifrå om ny pasient/brukar, eller om allereie tilmeldt brukar, og det er behov for vidareføring av tidlegare oppfølging eller justering av dette. Det skjer alltid i samarbeid med pasienten sjølv, som må samtykke til at kommunehelsetenesta vert kontakta. Unntak er ved tvungen psykisk helsevern.

Nytt frå veke 10, er oppstart av elektronisk meldingsutveksling innan rus og psykiatri. Dette vil sikra informasjonsflyt mellom tenestenivåa når det gjeld inn- og utskriving og behov for tenester. Det er utarbeidd eigne retningsliner for elektronisk meldingsutveksling.

Manglande bustadtommer i Sæbøkrinsen

I Sæbø har det - med nokre få unntak på Sæbø vest, samt dei som har vore heldige og fått frådelt tomt på garden dei vaks opp, vore veldig vanskeleg å skaffa seg bustadtommer gjennom mange, mange år. Dette har ført til at dei som har vakse opp her, i veldig stor grad har måtta flytta ut av kommunen - særleg til Meland og Lindås.

Mange synest dette er veldig frustrerande då det gjennom mange år har lagt eit ferdigregulert bustadfelt på Austmarka øvre. Men det synest som om ein absolutt kan stilla spørsmål kring seriøsiteten til dei ulike firma som opp gjennom åra, har stått som eigar av dette regulerte området.

I tillegg finst det også eit nyare regulert bustadområde - Hyllen, med flotte tomter nede ved sjøen i Austmarka. På nettet kan ein lesa at det her er seld to tomter.

I Kommunedelplanen for Radøy sør ligg det også inne fleire andre utbyggingsområde. Eg har heller ikkje registrert særleg aktivitet i forhold til desse områda.

Det er også grunn til å etterlysa arbeidet med Områdeplan for Austmarka - Kalnes som vart starta opp for mange år sidan.

Spørsmål

Kva kontakt har kommunen hatt med eigarane av dei regulerte bustadområda det siste året og kva er gjort for å få eigarane til å setja i gong utbygginga?

Kva vil kommune gjera i 2016 for å få fortgang i utbyggingane?

Kva kontakt har kommunen med eigarane av dei andre utbyggingsområda i Kommunedelplan Radøy sør?

Kan kommunen gjera noko for at desse områda kan bli utbygt innan rimeleg tid?

Kva kan kommunen seia om arbeidet med Områdeplan Austmarka - Kalnes?

Mvh Leif Taule

Svar

1. Det er god kontakt med eigaren av Austmarka Øvre, som seier dei er i gang med planlegging av utbygging i tråd med plan. Eigar av bustadområdet Hylla var i kontakt med administrasjonen for eit knapt år sidan, og signala var då at det vart arbeidd med tekniske planar for området.

2. Det har ikkje vore politisk kontakt med eigarane av felta lenger sør, og me har registrert rettslege oppgjer i deler av desse områda.

3. På Vetås er det dialog med eigar av område med arealføremål bustad,- der kan det verta utbygging. I regulerte område på Sæbø vert alt bygd ut sør for Ungdomshuset.

4. Ard Arealplan AS har levert framlegg til områderegulering for Austmarka/Storheim/Kalnes for utlegging til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Saka skal handsamast i hovudtvalet 16.03.16.

Vegen gjennom Haukåsen - FV 411

Vegen gjennom Haukåsen er i svært dårleg forfatning, vegen er på god veg til å gå fullstendig i oppløysing. Dei som utfører vedlikehaldet driv til stadighet og fyller i slaghola, men vegen blir verre og verre.

1. Kva standard eller beskrivelse er vegvedlikehaldet utført etter, kva står i annbudsdokumentet som entrepenøren arbeider etter?

2. Eg reknar med at fylket har ein plan for asfaltering av fylkesvegane, når kan me forventa at det kjem ny asfalt på FV 411?

Martin Soltveit

Svar: Desse spørsmåla må oversendast Fylkeskommunen.

Helsestasjon for ungdom

I haust vart ungdomsrådet lova av kommunalsjefen for helse at det skulle bli etablert ein helsestasjon for barn og ungdom på Manger. Dette er noko ungdomsrådet har arbeidd med i ein lengre periode og som me ser på som ei viktig sak.

Me stiller oss positive til moglegheit for samtale med psykolog på torsdagar, men dette er ikkje den helsestasjonen me vart forespegla, og lova. Kva skjer med helsestasjonen for barn og ungdom?

Radøy ungdomsråd v/Ingvild Brattetaule (leiar)

Svar:

Ungdom i Radøy har fremja ønskje om ei lokal helsestasjon for ungdom og det har vært en prosess rundt dette spørsmålet.

Eigen lokal helsestasjon har ein del krav til seg og er ressurskrevjande. Vi har tilgjengelege tenester for ungdommen ved helsesøsterteneste på Radøy og helsestasjonen for ungdom i Knarvik. Det er derfor vurdert at vi bør prøva ut om behov for tenester kan stettast ved å byggja på etablerte ordningar med helsesøster og helsestasjon for ungdom i Knarvik kombinert med tiltak for å gje hjelp og rettleiing meir tilgjengeleg for ungdomane. I denne samanheng har kommunepsykolog organisert seg slik at ho tar imot ungdomar ein ettermiddag i veka. Tanken er at kommunepsykologen kan registrera behov for innhald og omfang av slike tenester og hjelpa til med på kanalisera vidare til helsesyster eller andre helseinstansar dersom det er behov for dette. Vi prøver dessutan ut ei mobilløysing der ein kan senda SMS til helsesøster og be om time.

Kommunepsykolog på ettermiddagstid skal evaluerast og erfaringane drøftast. Det er fastsett møte kring denne saka førstkomande fredag.

Ungdomsrådet og kommunereform

I fjor vart me lova at me skulle få vera aktivt med i prosessane i forhold til saka om kommunesamanslåing. Difor lurar me på kvifor me ikkje fekk seia vår meining før dykk stemte denne saka ned?

Radøy ungdomsråd v/Ingvild Brattetaule (leiar)

Svar:

Normalt skal det ikkje reisast spørsmål i spørjetimen til saker som står på saklista, men eg vèl å gjera unntak frå dette, både sidan det er ungdomsrådet som spør om deltaking i prosess, og sidan me ønskjer brei deltaking i kommunestrukturspørsmålet.

Ungdomsrådet er til ei kvar tid inviterte til på fritt grunnlag å gje innspel til både styringsgruppa og kommunestyre vedk. kommunestruktursaka. Kommunestyret såg det ikkje som naturleg å innhenta svar frå verken ungdomsråd eller andre i spørsmålet om folkeavrøysting eller opinionsundersøking. Dette er ein del av framdriftsprosessen, som me meinte det er heilt opp til kommunestyret å avgjera.

I kveld vert dei framforhandla intensjonsavtalane lagt ut på høyring. Eg oppmodar ungdomsrådet til å drøfta og gje uttale til desse. På vegne av kommunestyret tilbyr eg at ordførar og andre frå forhandlingsutvalet stiller på møte og går gjennom avtalen, og elles informerer og svarar på spørsmål.